

Matteus 21.1-17

Nynorsk

Skriv disse ut og del arket opp i vers for vers.

1. Då dei nærma seg Jerusalem og var komne til Betfage ved Oljeberget, sende Jesus to læresveinar i veg og sa til dei: «Gå inn i den landsbyen som ligg framfor dykk! Der skal de straks finna eit esel som står bunde og har ein fole hos seg. Desse skal de løysa og leia til meg.

2. Og om nokon kjem med spørsmål, då skal de svara: 'Herren har bruk for dei.' Då sender han dei hit med ein gong.» Dette hende for at det skulle oppfyllest, det som er tala gjennom profeten:

3. *Sei til dotter Sion:
Sjå, kongen din kjem til deg,
audmjuk er han og rid på eit esel
og på folen til eit trekkdyr.*

4. Læresveinane gjekk av stad og gjorde som Jesus hadde sagt. Dei henta eselet og folen. Så la dei kappene sine på dei, og han sette seg oppå. Mange i folkehopen breidde kappene sine på vegen, andre hogg greiner av trea og strødde på vegen.

5. Og folket som gjekk føre, og dei som følgde etter, ropa:
*Hosianna, Davids son!
Velsigna er han som kjem
i Herrens namn!
Hosianna i det høgste!*

6. Då han drog inn i Jerusalem, vart det uro i heile byen, og dei spurde: «Kven er dette?» Og folkehopen svara: «Det er profeten Jesus frå Nasaret i Galilea.»

7. Så gjekk Jesus inn på tempelplassen og dreiv ut alle som selde og kjøpte der. Han velte borda til pengevekslarane og benkene til dei som selde duer og sa til dei: «Det står skrive: Mitt hus skal kallast eit bønehus. Men de gjer det til ei røvarhøle.»

8. På tempelplassen kom nokre blinde og lamme til han, og han lækte dei. Men då overprestane og dei skriftlærde såg undera han gjorde og hørde borna som ropa i heilagdomen: «Hosianna, Davids son!» vart dei arge og sa til han:

9. «Høyrer du kva dei seier?» «Ja», svara Jesus. «Har de aldri lese dette ordet: *Frå munnen på småborn og spedborn har du late lovsong lyda!*» Så gjekk han frå dei og ut av byen, til Betania. Der var han om natta.